



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Seksjon for klima, miljø og internasjonalisering

Vår dato: 20.05.2022
Deres dato:
Vår referanse:
Deres referanse: 22/19896-2
Vår saksbehandler:

Solveig Prestegard

Innspel til Energikommisjonen frå Vestfold og Telemark fylkeskommune

Vi viser til frist for innspel til Energikommisjonen, 25. mai 2022. Under fylgjer Vestfold og Telemark fylkeskommune (VTFK) sine innspel til kommisjonen sitt arbeid.

Saka har blitt handsama administrativt i fylket for å nå fristen 25. mai. Vi tek difor atterhald om at det kan kome supplerande merknader etter politisk handsaming i fylket 8. juni. Desse vil i tilfelle bli ettersendt. Vestfold og Telemark fylkeskommune er medlem i Kraftfylka, og deira fråsegn er også å rekne som ein del av vårt innspel.

Energikommisjonen skal kome med innspel på fire hovudområde, som og vi vil handsame kvart av dei særskilt. Energikommisjonen skriv at innspel skal vere på to A4 sider, og vi har difor konsentrert oss om dei mest sentrale problemstillingane for fylket vårt.

1. Korleis vert Noreg påverka av energimarknader i rask endring?

Noreg har, og har hatt, stor fornybar kraftproduksjon og overskot av kraft. Dette vil endre seg fram mot 2040, der ein forventar eit energibehov på 220 TWh frå dagens ca 125 TWh. NVE skriv i sin langsiktige kraftmarknadanalyse for 2021-2040 at utviklinga i Europa tyder på at kraftprisane skal auke, også i Noreg.

Regjeringa har i Hurdalsplattforma sett eit mål om å kutte 55% av norske utslepp innan 2030. Vestfold og Telemark fylkeskommune har vedteke å kutte 60% av utsleppa i regionen innan 2030. Industrien og transportsektoren utgjer dei to dei største utsleppa i fylket. Industrien åleine står for om lag 70% av totale utslepp.

Eitt av dei viktigaste tiltaka for å redusere klimagassutsleppa er elektrifisering av industrien og transportsektoren. Innsats for grøn omstilling av industrien i regionen er politisk vedteke både gjennom regional planstrategi (2020-2024) og regionale energi- og klimaplanar. Auka kraftprisar og mangel på fornybar kraft vil kunne gjere denne omstillinga vanskelegare. Vi er likevel avhengige av tilstrekkeleg fornybar kraft for å klare å gjennomføre denne grønne omstillinga, som vil vere eit

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Fylkesbakken 10, Skien
Svend Foynsgate 9, Tønsberg

Sentralbord:
35 91 70 00
post@vtfk.no

Org. no.:
821 227 062

vtfk.no



monaleg bidrag til å kutte dei norske klimautsleppa, utan tap av viktige arbeidsplassar for regionen vår.

2. Utviklinga i kraftforbruket i Vestfold og Telemark

På grunn av dei store klimautsleppa frå Industrien i Vestfold og Telemark vil fylket ha eit stort behov for meir fornybar kraft i åra som kjem for å nå dei vedtekne klimamåla. Industrien, ved næringsklynga Green Industry Cluster (GIC), har sjølv målretta planar om elektrifisering, karbonfangst og sirkularitet for kutt av klimautslepp frå produksjonsprosessane. Langskip-prosjektet med karbonfangst på Norcem i Breviker ein føresetnad for å nå klimaambisjonane.

Vestfold og Telemark er ein stor produsent av vasskraft og bidrar med omlag 10 % av den årlege, nasjonale produksjonen. Vestfold og Telemark hadde i 2019 ein produksjon på om lag 13,4 Twh og eit overskot på kraft på om lag 4 TWh. Fram mot 2030 vil dette biletet endre seg. Det nasjonale kraftoverskotet er forventa å forsvinne innan 2026. I vårt fylke vil det vere eit behov for om lag 22 Twh kraft i 2030, altså om lag 8 Twh meir enn i dag.

Fylket manglar også den naudsynte effekten for å gjennomføre den grønne omstillinga. Hovudutval for klima, areal og plan bestilte i mars 2021 ein rapport om potensialet for fornybar kraftproduksjon i fylket. Denne vart levert av konsultentselskapet MH Tech våren 2022. Rapporten syner at det elektriske effektbehovet i fylket kan bli omtrent dobla fram mot 2030. Det betyr at vi treng rask utbygging av nettkapasiteten for å få gjennomført dei naudsynte klimamåla. Eit viktig prinsipp kan vere å bygge ut nettet der dette gjev dei største utsleppsreduksjonane.

Vestfold og Telemark er medlem i Kraftfylka. Kraftfylka har spelt inn til Strømnettutvalet at det burde opprettast eit regionalt samarbeidsorgan som sikrar regional forankring og god dialog i konsesjonsprosessar, som fylkeskommunen er sekretariat for. Det er hensiktsmessig med eit slikt samarbeidsorgan, og for vårt fylke er det viktig at vi på ein slik arena også inkluderer industri og andre sektorar som krev fornybar energi.

3. Potensialet for samfunnsøkonomisk lønnsom kraftproduksjon.

Gjennom fleire politiske vedtak har Vestfold og Telemark fylkeskommune satt i gang arbeid for å kartlegge potensialet for meir fornybar energiproduksjon i fylket vårt. Det er også utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag for auka produksjon av solenergi og annan fornybar energi i yrkesbygg i fylket. Som ein følgje av dette, er det også eit politisk ynskje om å få til auka fornybar energiproduksjon i fylket.

Rapporten om potensialet for fornybar produksjon nemnd over viser at fylket har gode føresetnader for både vindkraft og solenergi. Av behovet på 22 Twh i 2030 er det estimert at vasskraftproduksjon kan utgjere om lag 14,5 Twh, kraftproduksjon frå andre fornybare kjelder om lag 3,1 Twh og termisk kraftproduksjon frå andre fornybare kjelder 1,8 Twh. Behov for import av



kraft ligg på om lag 2,5 Twh. Det vil seie at fylket forventar å gå frå å vere netto leverandør av fornybar kraft til å bli importør, tross auka produksjon.

Staten må leggje til rette for at rammevilkåra og insentiva til å setje i gang med fornybar energiproduksjon er tilstades, og skyt fart i dei ulike regionane, skal vi klare å møte dei klimapolitiske målsetjingane vi har satt. Døme på dette kan vere auka naturressursskatt til fylkeskommunar og kommunar og å styrke og behalde andre kompensasjonsordningar som kjem vertskommunane til gode. Det er også viktig å sjå på eventuelle flaskehalsar når det gjeld regelverket, til dømes rundt produksjonen av solkraft på bygg.

Det ligg også eit stort potensiale på energieffektivisering, berre i bygg utgjer dette 13 Twh nasjonalt. Enova bør styrkast for å bidra til auka energieffektiviseringstiltak og reduksjon av energibruken generelt.

4. Perspektiv for forsyningstryggleiken i Vestfold og Telemark

Dersom vi ikkje aukar produksjonen av fornybar kraft, vil vi vere avhengige av import frå andre europeiske land for å ivareta kraftbehovet i regionen, og for å sikre viktige arbeidsplassar innanfor kraftkrevjande industri og anna næringsverksemd. Vi har dermed ikkje dei stabile rammevilkåra som vi har for industrien i dag.

Det blir soleis også viktig å bruke den krafta vi har på ein effektiv måte og å bruke andre energialternativ der vi kan. I rapporten om potensialet for fornybar kraft i vårt fylke blir til dømes ulike andre energikjelder som termisk energi, avfallsforbrenningsløyisingar og liknande trekt fram som eit mogeleg supplement. Vi er også eit stort skogfylke, og bruken av bioenergi må takast med i desse vurderingane. Enova kan også brukast til å støtte tiltak som får opp bruken av solenergi, i private hushaldningar og på bygg generelt, og som kan vere eit supplement til forsyningstryggleiken.

5. Sentrale interessemotsetningar i energipolitikken.

Det er i hovudsak i byane og sentrale strom vi finn dei store klimautsleppa innanfor industrien, som har eit stort behov for fornybar kraft til elektrifisering. Samstundes signaliserer fleire vertskommunar til kraftanlegg eit ynskje om å vere med på utviklinga av nye næringar innanfor det grønne skiftet (som batterifabrikkar, datalagringscenter og liknande) i motsetnad til å berre vere ein «råvareleverandør» av kraft til sentrale strom. Det er viktig å anerkjenne at både sentrale og mindre sentrale strom ynskjer vere ein del av den grønne omstillinga og få del av dei arbeidsplassane innanfor desse sektorane. Når kraftoverskotet minkar oppstår det fort ein debatt om kvar krafta skal kanalisert.

Det er også viktig å anerkjenne at dersom produksjonen av fornybar kraft skal aukast, må kommunar og regionar få insentiv til å ønske ny kraftproduksjon i sine lokalmiljø. Her er økonomiske kompensasjonar som naturressursskatt og andre skatteordningar viktige reiskapar.



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Det er også vanskeleg å byggje ut meir storskala fornybar energiproduksjon utan at det går utover arealbruk og inngrep i natur og miljø. Solenergi peikar seg her ut som eit område med færrest arealkonfliktar sidan ein til dømes kan bruke eksisterande bygningar til slik produksjon. Fylkestinget har i vedtak 15. desember 2021 satt som mål at fylket skal bli arealnøytralt innan 2030 og oppmodar andre kommunar om å setje krav om arealnøytralitet. I arbeidet med ny fornybar energiproduksjon må ein også sjå til spørsmåla om arealnedbygging og utfordringa med tap av biologisk mangfald i desse prosjekta.

Med helsing

Anitra Fossum
Direktør

Solveig Prestegard
solveig.prestegard@vtfk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET		Postboks 8148 Dep	0033 OSLO